



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
28.09.2015
Dykkar dato
04.09.2015

Vår referanse
2015/7905 421.3
Dykkar referanse
14/1892

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Oppnemning av setjfylkesmann for handsaming av klagesak, Lindås, Ospeneset, Sjølokalitet 19655

Vi viser til vedtak mottatt av hjå oss 16.07.15 kor Lindås kommune gir dispensasjon til utviding av akvakulturanlegget på Ospeneset. Fylkesmannen i Hordaland klaga på vedtaket i brev av 12.08.15. Plan- og miljøutvalet i Lindås kommune hadde klaga opp til handsaming 02.09.15 og held fast ved sitt tidlegare vedtak.

Det er utarbeidd fleire rapportar/vurderingar i saka som kommunal- og samfunnsplanavdelinga hjå Fylkesmannen ikkje hadde tilgang til ved handsaminga av klaga. Fylkesmannen har derfor vurdert saka på nytt. Vi meiner dei nye dokumenta i saka ikkje svarar tilstrekkeleg på innhaldet i klaga vår. Vurderinga om tiltaket sin verknad på vill anadrom fisk er framleis mangelfull, og konklusjonen på dette spørsmålet er omstridt. Det er også uvisse om spørsmålet om plastringsanlegg er meir rømmingssikre enn stålanlegg. Statistikken viser at det har vore flest rømmingar frå plastringsanlegg (ni mot sju) dei siste to åra. Det har også rømt flest fisk frå plastringsanlegg (300 000 mot 150 000, grovt avrunda). Det er også problematisk at utvidinga ikkje blir sett i samanheng med anna akvakultur i området. Fylkesmannen meiner derfor at det framleis er uvisse knytt til verknaden av dette tiltaket.

Fylkesmannen opplever for tida stor pågang av dispensasjonssøknader. Kommunane håndsammar endringar og utvidingar av område for akvakultur i stor grad gjennom dispensasjoner frå planføremål. Det fører til manglande demokratisk høyring og innsyn i sakene og i utviklinga, samstundes som korkje kommunane eller høyningsinstansane kan vurdere endringane på ein heilskapleg eller forsvarleg måte, jf. naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning. Slik handsaming gjev ikkje berekraftige resultat. Når kommunane styrer utviklinga gjennom dispensasjoner, skapar det også ei uvisse og lite føresieleg situasjon for næringa og andre partar.

Vi viser elles til innhaldet i klagen.

Fylkesmannen i Hordaland kan ikkje sjå at det har kome fram opplysningar i saka som gjev grunnlag for å trekke klagen.

Vi ber om at det vert oppnemnt setjfylkesmann til å handsame klagesaka, då Fylkesmannen i Hordaland er klagar i saka.

Saksdokumenta er lagt ved.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Arve Meidell
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Arne Herre Staveland,	Eidestøa	5640	EIKELANDSOSEN
Eide Fjordbruk AS og			
Fyllingsnes Fisk AS			
Rådgivende Biologer AS	Bredsgården, Bryggen	5003	BERGEN